

Karstein Stene
Hellebakken 3
5039 Bergen
Mob 934 63000 epost: karstein.stene@broadpark.no

Lindås Kommune
5914 Isdalstø

Dykkar ref 15/3633 Grn 120/brn 6-9 Tvibergøy

I 1968 arva eg garden Grn 120/4 i Tvibergnes etter far min, lensmann Eilif Stene. Bror min, Erlend, arva Grn 120/3 same tid, idet far døydde det året. Han hadde, som lensmann, i oppdrag å selje desse eigedomane, men då det etter 2 års avertering ikkje kom kjøparar til eigedomene, kjøpte han dei sjølv.

Samstundes kjøpte bror min, kontreadmiral Magnus Stene Tvibergøy Grn 120/6-9

I 2006 dør bror Magnus, og før det var han so sjuk at han spurde om eg ville kjøpa 120/6-9, som eg gjorde. Han hadde ingen arvingar.

I 2013 døyr bror min Erlend, han ville at eg skulle overta Grn 120/4, som eg gjorde.

No er eg 81 år, ingen av mine søner vil overta Tvibergøy 120/6-9, sjølv bør eg ha avgrensa levetid att i det jordiske livet, og må kvitta meg med denne eigedomen, mens eg er nokonlunde oppgåande.

Etter møte med Nils Kolås i 2014, laga han det eigedomskart eg sende dykk, og sa frå om at det ville vera avgrensa areal eg fekk selja attåt husa på eigedomen. Eg treng då eige bruksnr på hus, løe og naust.

1. Dette er grunnlaget for tiltaket
2. Resteigedomen har i mange, mange år vore til bruk, gratis, av Jostein Hellestveit og Nils Markus Bakke som sauebeite, framleis beitar sauene deira der. Kva som skal skje med
3. resteigedomen veit eg ikkje no, det er noko innmark og mest lyng og stein, litt skog som ikkje er drivverdig. Arealet egner seg best til sauebeite.
4. Frådelt parsell skal heilt sjølv sagt få tinglest vegrett til sjø og naust. Brønn og septik har vore tilhøyrande eigedomen i alle fall i 45 år.
5. Etter deling vil det ikkje vera bustadhus, løe og naust på resteigedomen.
6. Som de sikkert veit er det ikkje veg til Tvibergøy, kan hende veit de ogso at Tvibergnes/Tvibergøy truleg er dei einaste grender i Lindås som er veglaus, det er kun tilgang med båt.
7. Frå resteigedomen er det sikkert ein kilometer strandlinje + eindel holmar, so der er det rikeleg tilgang til sjø, Lauvåsoen og Fensfjorden.
8. Før Frank Mohn AS selde Mongstadbase AS, var dei interessert i å kjøpa eigedomen, då den ligg rett utanfor Mongstadbase. Men, no er dette ikkje tema.
Kan hende er resteigedomen noko for Lindås Kommune å kjøpa for sikring av industriarealer i Mongstad/Fensfjordområdet?
Inntil vidare skal sanneleg utegangarsauene til Hellestveit/Bakke få gå å beita på eigedomen min, fine og feite vert dei av gras, tang og tare. Velbekomme!

Eg vonar at dette gjev svar på Dykkar spørsmål.

Med venleg helsing

Karstein Jonas Stene

